



I fotefara til Rasmus Løland

Rasmus Løland (1861-1907) er truleg for dei fleste, som i det heile knyter namnet til noko, kjend som forfattar av barnebøker. Den mest kjende er nok "Det store nashornet". Andre barnebøker av same forfattar er *Paa sjølvstyr*, *Ungar*, *Kor vart det av jola?* Fleire av bøkene er komne ut i den seinare tid i nytutgåver, i fornyta språkdrakt.



Løland var frå Løland ved Sand i Ryfylke. I 2007, - hundre år etter han døydde, - vart det skipa ei stifting som fram til 2011 skal arbeida for m.a. å levandegjera litteraturen hans.

Lindåsinga Reidar Furelid Rasmus har vandra i dikteren Rasmus Løland sine fotefarar i Tyskland og Austerrike. Her fortel han om reisa.

Rasmus Løland lærde seg tysk og engelsk og fekk omsider eit statsstipend som gjorde det mogleg for han å få ein tur til Tyskland og Austerrike i 1899 – 1900. Han hadde opphald i byane Berlin, Rudesheim og Munchen i Tyskland, - og budde ein månad i Hall i Austerrike med dagurar til Innsbruck, - som ligg kring ei mil vest for Hall.

Under arbeidet kring Løland-markeringa føddest tanken om ein tur i fotefara hans. Ernst Berge Drange har skrivne ein ny biografi om Løland og han tok turen for to år sidan og sette seg svært godt inn i kor Løland budde og kva han hadde nytta tida til.

2. til 10. oktober i 2008 vart det av stiftinga Løland-markeringa skipa tur "i fotefara til Rasmus Løland". Det kan utan vidare fastslåast: *Turen var svært godt planlagt og gjennomført på ein eksemplarisk måte.* Lølandbiograf Ernst Berge Drange vart hovudguiden og dagleg foredragshaldar. Tyskfødde Michael Willing var ein "avslappa, grei, og godlynd" tolk og hjelpesmann når det trøngst. Han vart heller lærar i Ryfylke enn vinbonde i Alhausen ved Rudesheim i Rhindalen.

Dagleg leiari i Lølandstiftinga, - Marny Skeie Henkel (med mor frå Rydland i Seim), var sjølv sagt med. Arbeidet hennar og flokken kring, har utvikla seg til *ei senter for barnekultur. Det er eit landsdekkande prosjekt som skal skapa UNDRING og SKAPING. Ein finn meir om det arbeidet på internett: kvi-*

tebjorn.no og **nashornet.no.** Der ligg det mykje godt stoff for skular, - og kven som helst kor dei er i landet.

Las Løland-brev i Berlin
Berlin spaserte vi kring i sentrum, var i gatene der Løland hadde halde til og Ernst las frå brev Løland skreiv og fekk under opphaldet sitt der. Vi besøkte m.a. Riksdagen, - og nokre av oss vitja også DDR-museet og tok ein tur med turistbåt på elva Spree. Berlin har mykje å gjere søkjande! Vi fekk også med oss "gjenforeiningsdagen" (fredag 3. oktober) som vart feira som ein norsk 17. mai.

Vakre Rudesheim

Rudesheim ligg midt i Rhindalen. Området der er rekna for noko av det vakraste i Tyskland, - og kjend for god vin. På Niederwald-denkmål står den 10,5 m høge Germaniastatua, - på ein sokkel på 25 m!, - reist i 1883 til minne om den tysk-franske krigen i 1870-71. I skogen ved er det mengder av krater etter dei allierte sine freistnader på å bomba Germania, som var eit viktig symbol for Hitler-Tyskland.

Rasmus Løland skreiv om staden: "Rudesheim er overordentleg vakker" ... men prisane var prega av at dette var *ein turiststad.*

Like ved statua las Anne Elisabeth Biograf Ernst Berge Drange (kona til E.B. Drange, -lølandbiografen) frå "Den store automaten" som Løland skreiv under opphaldet sitt i Rudesheim.

Ei anna verd

Etter tre overnattingar i denne vakre byen bar det vidare frå Bingen med tog til Innsbruck og Hall. Ein flott tur med mange opplevingar både av natur og store byar, - m.a. passerer ein Stuttgart og Bodensjøen.

Så opplever ein det enno ein gong: Straks ein er inne i Austerrike, - er ein i ei "anna verd": Tyrolerhusa og dei velstelte jordene, - anten dei er flate eller



I BERG ISEL-BAKKEN: Ernst Berge Drange og kona hans Anne Elisabeth Skogen ved lunsjen i tårnet på Berg Isel – bakken i Innsbruck. Dei to gav reisefølgjet svært mykje på denne turen!



NASHORNET: Marny Skeie Henkel, dagleg leiari i Lølandstiftinga, - i Hall Tal ved ein høveleg skulptur, - som gav assosiasjonar til "Det store nashorne".



FRÅ DDR-TIDA: Leiari i landssamanslutninga av nynorsk kommunar, - Vidar Høviskland forklarar kva vi ønskjer for servitøren på "Die Berliner Republik", - restaurant med mange minne frå krigen og DDR-tida.



RAUDVINS-LANDSBY: Den romantiske rødvinlandsbyen Assmannshausen høyrer i dag til Rudesheim. Frå båtturn på Rhinen.

bratte, - gjer inntrykk!

Løland var ein månad i Hall/Innsbruck. Vi var der i tre dagar. Og gjekk i fotefara til Løland til m.a. den øvste saltgruva i Hall Tal, - ein trong og svært

bratt alpedal.

Berg Isel-bakken

Vi var i tårnet på Berg Isel-bakken i Innsbruck. Den som no er der er frå 2002 så der var nok



RESTAR AV MUREN: Reidar og Ernst Berge Drange ved restene av muren som står som minnesmerke ved Brandenburger Tor. Ein stad for ettertanke.

ikkje Løland. Men han var heilt sikkert i den svært trivelege gamlebyen. Og han gjekk til fots både i alpedalane og strekkja mellom Hall og Innsbruck (12 km). Vi "juksa" ved å nytta buss og tog.

Den siste sommaren

Då dramalærer Anne Elisabeth Skogen siste kvelden fortalde om "den siste sommaren til Løland", - var det nærare på reisefølgjet brast i gråt, - likevel gav vi henne

stor fagning for framifrå framføringar av stoff frå Løland sitt liv og diktinga hans. Ho og mannen hennar hadde gjeve oss opplevingar vi seint vil gløyma. Heimturen gjekk med fly frå

Munchen, - men vi var ikkje inne i byen, - sjølv om Løland i si tid hadde opphald der også. Og i 2011 vert det skipa ny Europatur i fotefara til Rasmus Løland, - om det vert som vi tenker i dag!

Kunstgras på listetopp

LINDÅS: Kunstgrasplanlegget på den tidlegare grusbana i Knarvik står øvst på lista over Lindås kommunen sine prioriterte søknader om spellemidlar i 2009. Kunstgras på sjuarbane i Knarvik står på andreplass og den planlagde kunstgrasbana på Seim på tredje. Fleirbrukshallen på Lindås og kunstgras på idrettsplass i Alversund på dei neste plassane. Kommunestyret har prioritert ballbingen på Hilland øvst på søknadslista for nærmiljøanlegg.

Nestleiar i overtakst

LINDÅS: Overtakstnemnda for eigedomsskatt har valt Øystein Moldeklev (FrP) som nestleiar i nemnda.

23 mista livet i trafikken

23 personar mista livet i Hordalands-trafficen i 2008. Statistikken viser at elleve bilførarar, fire passasjerar, fire motorsyklistar og fire fotgjengarar vart offer for trafikkkøden. Fire av dei vart drept i trafikken i desember.

Oversikta frå Trygg Trafikk viser at i alt 255 personar mista livet i trafikken i heile landet. Det er 22 fleire enn året før. Hordaland og Hedmark har flest drepne i trafikken.

Søk barnehage på nett

MELAND: Frå 8. januar kan det sendast inn søknad til barnehageplass i Meland via kommunen si nettside. I følge kommunen si heimeside vil søknadar som allereie ligg på venteliste ikkje automatisk verta overført til nytt barnehageår. Men dei som allereie er registrerte vert kontakta per brev.

Lyser ut etter ny fastlege

MELAND: Grunna sterk folkevekst fekk Meland ein ekstra fastlegeheimel frå september. Legen som har hatt stillinga mellombels har no slutta, og kommunen si heimeside melder at det vert lyst ut etter ny lege no i januar. Kapasiteten ved legekontoret vil dermed vera noko redusert til ny tilsetjing er gjort.

Krev meir undersøkingar

RADØY: Riksantikvaren er ikkje nøgd med utgreiingsprogrammet for dei to søkjarane som vil bygga vindmøller på nordre del av Radøy. Riksantikvaren krev meir detaljerte undersøkingar av kulturmiljø og kulturmiljø innanfor planområdet. Mellom anna vert det krevd at det går fram kva type undersøkingar av automatisk freda kulturmiljø som skal gjerast. Det må og gjevast ei kortfatta skildring av historia til det aktuelle området, og lagast ei verdvurdering av området møllene vil berøre. Riksantikvaren krev og at det vert gjort vurderingar av kva konsekvensar eit eventuelt mølleprosjekt i området vil få for kulturmiljøet.



Mundal byggjer nytt

Like ved Mundal båtbyggjeri er det i ferd med å reisa seg ein ny produksjonshall. Atle Landro fortel at det er verksemda Mundal Subsea som skal inn i den nye hallen. - Ved sidan av båtbygginga produserer vi og undervassutstyr. Per i dag føregår alt same stad, men vi ønskjer no å ha ein eigen hall for undervassdelen, seier Landro. Han håpar og at dei etterkvart skal klara å utvida denne biten av drifta. - Trykkt på subseadelen varierer, vi kjem framleis til å bruka dei tilsette om ein annan her og på båtbyggjeriet for å ha størst mogleg fleksibilitet, seier Landro. Den nye produksjonshallen skal etter planen stå klar til påske.